



### HVORFOR NATURVAKT?

Allemannsretten gir oss fantastiske høve til å oppleve og bruke naturen. Det er også få stadar som eignar seg så godt til leik, læring og meistring som uteaktivitetar i skog og mark. Men med allemannsretten følger også ansvar, overfor grunneigar, andre turgåarar, plantar og dyr. Dette kjem også tydeleg fram i rammeplanen for barnehagar der det mellom anna står følgjande under «Arbeid med kropp, rørsle og helse»: «Barnehagen skal bidra til at barna utviklar glede over å bruke naturen til utforskning og kroppslege utfordringar og får forståing av korleis ein bruker og samtidig tek vare på miljøet og naturen». Naturvaktarane er utvikla som ein introduksjon til forståing av allemannsretten for barn i barnehagen. Materiellet er utvikla i samband med Friluftslivets år 2015 og passar best for dei eldre barna, men kan også tilpassast dei yngre.

### GJENNOMFØRINGA

Naturvaktarane byrjar med at barna får eit brev frå **Ugla** som treng hjelp frå dei. Lag gjerne litt ekstra stemning rundt dette brevet ved å leggje det i ein konvolutt og så opne det saman med barna. De kan lese brevet høgt, anten dagen før de dreg på tur eller den same dagen. **Ugla** ønskjer hjelp frå barna med å passe på korleis menneska oppfører seg ute i naturen og vil at dei skal bli Naturvaktarane hans. For å bli ein Naturvaktar må barna gjennomføre ei rekkje oppdrag for å vise at dei forstår korleis ein skal oppføre seg når ein er på tur. Vi har laga sju ulike framlegg til oppdrag. De vel sjølve kor mange oppdrag de gjennomfører før barna blir Naturvaktarar og får utdelt diploma sine. De kan sjølvstøtt også finne på eigne oppdrag. Oppdraga les de opp for barna undervegs på turen.


### FORARBEID

**Brevet** Skriv ut brevet frå **Ugla** og legg det i ein konvolutt adressert til barna. **Diploma** Skriv ut diploma og klipp dei til. Skriv namn på diploma og laminér dei gjerne slik at dei toler vind og vær. **Oppdraga** Les gjennom og vel ut kva oppdrag de har lyst til å gjennomføre. De finn forklaringar til dei ulike oppdraga i avsnittet som heiter «Uglas oppdrag til barna». Opplegget kan gjennomførast som ein rundtur i nærområdet, i eit nærliggjande skogsområde, eller på eit fast område der de lagar ein leir eller base som alle oppdraga startar frå.

### ETTERARBEID

Hald gjerne fram med å engasjere til samtale om allemannsretten i etterkant av aktiviteten og kvar gong de er på tur. Den beste måten å forstå allemannsretten på er gjennom å oppleve den i praksis.

Lykke til med gjennomføringa  
av Naturvaktarane!





HEI!

Eg heiter **Ugla** og bur høgt oppe i eit tre, ikkje langt frå barnehagen. Frå treet mitt har eg oversyn over alt som skjer ute i naturen. Her lever mange ulike plantar og dyr, og hit kjem både barn og vaksne på besøk.

Jobben min er å passe på at alle som kjem på besøk veit korleis ein oppfører seg når ein er på tur. Naturen er ein stad der alle kan komme for å leike, sykle, bade og ha det gøy. Dette kallar vi **Allemannsretten** (alle sin rett til å vere ute i naturen).

Når vi kjem på besøk i naturen må vi også **passse på nokre ting**. Vi må passe godt på tre, fuglar, insekt, blomstrar – ja, alt som bur i naturen. Vi må passe på at ingen kastar søppel og skadar naturen. Slik blir vi som bur her glade, og du og alle andre kan få lov til å vere i naturen så mykje de vil.

Det er ikkje alle som er like flinke til å hugse på dette. I førre veke møtte eg ein familie som var ute på tur og som heldt på å gløyme å ta med seg søppelet sitt heim. Eg måtte minne dei på at vi alltid må **rydde opp etter oss**. Då er naturen like fin og rein neste gong vi kjem på besøk. Søppel som ligg i naturen er også farleg for oss dyr. Vi kan skade oss om vi trakkar på det eller et det. Då eg fortalde familien om dette plukka dei raskt opp alt dei hadde lagt att. Det er jo ingen som har lyst til å øydeleggje naturen eller skade dyra som bur der.

No har eg passa på naturen i mange år og byrjar å bli gammal og trøytt, og eg ser ikkje like godt som før. Eg treng nokon som kan hjelpe meg, nokon som kan bli **Naturvaktarane** mine.

Naturvaktarane må hjelpe meg med å minne både vaksne og barn på korleis ein oppfører seg i naturen. **Vil de bli Naturvaktarane mine?**

Skogshelsing frå Ugla




HEI!

Det er **Ugla** her. Er de klare for å gjennomføre det første oppdraget? Hugsar de kva allemannsretten er?

«Allemannsretten er den retten som gjer at du, mamma, pappa, vennene dine og alle andre som vil det kan vere ute i naturen for å gå på tur, leike, bade, sykle, plukke sopp, bær og blomstrar, til og med overnatte ute.»

Men når vi kjem på besøk i naturen må vi også passe på nokre ting. Vi må passe godt på tre, fuglar, insekt, blomstrar – alt som bur i naturen. Vi må passe på at ingen kastar søppel og skadar naturen. Då blir det ein hyggeleg og trygg stad å vere for både menneske og dyr.»

(Introduksjon til å lese opp for barna før første oppdraget tek til.)



Allemannsretten seier at vi kan gå kvar vi vil i naturen så lenge vi ikkje forstyrrar dyr og skadar plantar. Kan de vise meg at de kan gå i naturen utan å forstyrre dyr eller å skade plantar?

**Forarbeid.** Her må ein setje opp eit tau til hinderløypa. Men alternativt kan dette ordnast medan barna lyttar etter dyrelydar. Ta gjerne med bilete av ulike dyr og heng dei opp i hinderløpa. Når barna kjem til eit bilete skal dei seie kva dyr det er og kva lyd dyret lagar.

- A** Kan de sjå eller høyre dyr eller fuglar?
- B** Kvifor er det viktig at vi ikkje forstyrrar dei?  
Svar: Då blir dyra stressa og redde og dyreungane kan komme vekk frå foreldra sine.
- C** Kva slags andre lydar høyrer de? Kjem dei frå naturen?
- D** Kan de sjå spor etter dyr eller fuglar?
- E** Kva for spor finn de, og kven trur de har laga dei?

Framlegg til aktivitet

### HINDERLØYPE

Lag ei hinderløype ved å leggje ut eit langt tau som de surrar rundt eit tre, over ein stein, under ein busk osv. Bruk dei naturlege hindringane som finst i området for å lage ei morosam løype. Barna skal ta seg gjennom løypa ved å følgje tauet (dei skal heile tida halde i tauet med éi hand). For dei litt yngre barna kan ein lage løypa lettare med færre/enklare hindringar.

**Tips** Heng opp bilete i løypa av dyr som finst i nærområdet. Når barna kjem til eit bilete skal dei seie kva dyr det er og kva lyd dyret lagar.

**Tips** til vidare aktivitet i barnehagen: Lag ein plakatt (klipp og lim) som viser kva for dyr og fuglar som finst i nærområdet dykkar.

## Oppdrag 2

Allemansretten seier at vi kan raste kvar vi vil i naturen så lenge vi alltid ryddar opp etter oss når vi går. Finn ein fin raste plass. Å raste tyder å stoppe og til dømes ete matpakka si, eller å setje seg ned og kvile litt og lytte til lydane i naturen. Når ein har rasta ferdig er det viktig at raste plassen ser like fin ut som då ein kom dit og at ein tek med alt søppelet heim.

- A Kan de finne nokre ting på eller rundt raste plassen som ikkje høyrer heime der?
- B Kva har de funne?
- C Kvifor er det viktig at ein ikkje legg att søppel ute i naturen?  
*Svar: Søppel som blir liggjande i naturen kan skade dyr om dei trakkar på eller et det. Det kan også innehalde gifter som øydelegg naturen.*
- D Er det nokre av dei tinga de har funne som kan resirkulerast? Å resirkulere tyder at ein kan lage noko nytt av tinga, altså at dei kan brukast på nytt.



### SARDINMAMMA

Ein person (Sardinmamma) gøymer seg medan dei andre tel til 50 høgt i kor. Hugs å avgrense kor stort søkjeområdet skal vere før leiken startar. Det er også viktig å vite akkurat kor mange barn som er med på leiken slik at ingen blir borte. Når resten av gruppa har tald til 50 skal alle byrje å leite etter Sardinmamma. Den som finn Sardinmamma skal leggje seg stille ved sida av ho utan å vise det for nokon av dei andre. Leiken sluttar når alle har funne ut kvar Sardinmamma ligg gøymt. Barna kan godt gøyme seg og leite i par.




### BJØRNEN KJEM

Finn eit ope område som er nokså firkanta. Ein person, bjørnen, står i midten av området. Dei andre barna blir delte inn i fire ulike lag som får kvart sitt hjørne av området. Marker gjerne desse med pinnar eller andre ting slik at dei får ei tydeleg avgrensing. Barna spring rundt bjørnen. På signal frå deg som vaksen («Bjørnen kjem!») prøver bjørnen å ta så mange barn han greier før dei rekk å springe tilbake til området sitt. Barna som blir tekne blir òg bjørnar og hjelper bjørnen i neste runde.

**Tips** Gi eit namn til kvar gruppe. Bruk gjerne namn på andre typar dyr som bur i skogen. Ei gruppe som kallar seg «Harane» skal røre seg mest mogleg som harar.

**Tips** til vidare aktivitet i barnehagen: Lag eit søppelmonster av ting de har funne i naturen som ikkje høyrer heime der. Sjå døme på dette frå Voksenkollen barnehage i Oslo. Hald fram diskusjonen om resirkulering og kva søppel som kan resirkulerast og ikkje.



Allemansretten seier at vi kan plukke konglar, pinnar og andre ting som ligg på bakken. Det finst mange morosame ting å leike med i naturen. Men hugs at vi ikkje har lov til å knekke av kvistar frå levande tre og buskar – då skadar vi naturen.

### Oppdrag 3

**Forarbeid** Denne oppgåva krev at de er på ein plass der det finst blåbær eller andre bær som kan etast. Alternativt kan ein plukke blomstrar i staden for bær.

Framlegg til aktivitet

- A** Sjå på bakken rundt deg. Finn ein ting som høyrer heime i naturen som du synest er: Morosam, tung, liten, lang, rund osv. (La barna bruke nokre minutt på å finne kvar ting.)
- B** Kva har du funne?
- C** Kva har dei andre funne? Samanlikn – kanskje nokre er like?
- D** Vel ut ein favoritt og ta den med tilbake til barnehagen.

#### KIMS LEIK

Legg ut ti av naturtinga som barna har funne (eller la dei finne ti nye ting) på eit pledd eller eit anna oversynleg underlag. Barna får sjå på tinga i til dømes 1 minutt. Så skal dei snu seg vekk medan du tek vekk ein av tinga. **Oppgåva er å finne ut kva ting som er teken vekk.** Er barna små bør ein leggje fram færre ting. Som variasjon kan ein la barna sjå på tinga i 1 minutt før ein legg eit klede over alle tinga, og så skal barna prøve å hugse så mange ting som råd.

**Framlegg** til vidare aktivitet i barnehagen: Ta med lauv, konglar, små pinnar og andre ting som de synest er fine. Lag eit kunstverk ved å lime tinga på eit papir. Kanskje de greier å lage ei ugle?



Passar kanskje best som haustaktivitet


### Oppdrag 4

Allemansretten seier at vi kan hauste frå naturen. Det tyder at vi til dømes kan plukke og ete bær og sopp. Hugs på at nokre bær og soppar kan vere giftige. Derfor er det viktig at du alltid spør ein vaksen før du et noko du har funne i naturen.

**Forarbeid** Her treng de å ta med eit pledd eller eit klede til Kims leik.

- A** Kan de finne bær på turen som ein kan ete?
- B** Finn eit strå som du kan tre bæra på.
- C** Korleis smakar bæra?
- D** Kva slags mat kan ein lage av bæra?

**Tips** til vidare aktivitet i barnehagen: Ta med dykk det de finn tilbake til barnehagen og lag syltetøy, smoothie eller noko anna godt av det.



## Oppdrag 5

Passar kanskje best som våraktivitet

**Forarbeid** Her kan det vere greitt med oversyn over norske blomstrar.

Allemannsretten seier at vi kan plukke blomstrar ute i naturen, men nokre blomstrar er freda. Dette tyder at det ikkje finst så mange av dei og at vi derfor ikkje får plukke dei. Men stort sett kan du plukke akkurat så mykje du vil og ta med heim. Det er viktig å hugse at nokre blomstrar også kan vere giftige.

- A Prøv å finne så mange ulike blomstrar som de kan.
- B Kan de namnet på nokre av blomstrane?
- C Vel ut den blomsteren du synest er finast.
- D Er det nokon av blomstrane som er freda og/eller giftige?

**Tips** til vidare aktivitet i barnehagen: Ta med den blomsteren du likte best tilbake til barnehagen og lag ei blomstertavle med den. Dette gjer du ved å først la blomstrane tørke og deretter lime dei på eit papir, eller laminere papiret med blomstrane på.

Allemannsretten seier at vi kan overnatte i naturen, men vi må passe på å ikkje setje opp teltet for nært huset eller hytta til nokon. Det er også viktig at vi ryddar etter oss når vi går, slik at plassen ser ut slik som då vi fann den.

- A Kva slags ulike bu-alternativ finst det når vi skal overnatte ute?  
Svar: Telt, lavvo, gapahuk, under open himmel osv.
- B Har de overnatta ute nokon gong? Korleis var det?
- C Kva må ein ha med seg når ein skal overnatte ute?
- D Kvifor er det viktig at vi ikkje overnattar for nært eit hus eller ei hytte?  
Svar: For å ikkje forstyrre dei som bur der.

**Tips** til vidare aktivitet i barnehagen: Lag ein overnattingsplass. De kan velje å setje opp eit telt eller ein tarp, eller lage ein enkel gapahuk av ein presenning og materialar de finn på bakken. Hugs på å ta med tau til dette. Prøv ut overnattingsplassen. De kan ete matpakka der, kvile litt eller lese ei forteljing. Prøv å skape litt stemning av ei ekte overnatting. Hugs å rydde etter dykk når de går slik at plassen ser ut som då de kom.

**Tips** Sjekk med grunneigaren om de har lov til å setje opp ein gapahuk av tre som barnehagen kan bruke som fast rasteplass når de er på tur i nærområdet.

## Oppdrag 6

**Forarbeid** Her vil ein trenge materiell til å lage ein raste-/overnattingsplass. Tarp/fjellduk, tau, treverk osv. Alt etter kva ein har lyst til å gjere.


**AVSLUTTING MED UGLEFEST, NATURSTI OG DIPLOMUTDELING** Lag ein Uglefest! Vi har laga eit framlegg til ein natursti som samlar opp det de har lært med Naturvaktarane. Festen kan gjerne avsluttast med høgtidsam diplomutdeling og opplesing av det siste

Framlegg til spørsmål og alternativ til ein natursti

- A Kvifor er det viktig at vi ikkje forstyrrar dyr eller skadar plantar når vi er på tur?
- B Kvifor er det viktig at vi alltid ryddar opp etter oss når vi ute er i naturen?
- C Kvifor har vi ikkje lov til å knekke av kvistar frå levande tre og buskar?
- D Kva må du tenkje på når du skal plukke og ete bær og sopp frå naturen?
- E Kva tyder det at ein blomster er freda?
- F Kva må vi tenkje på når vi skal overnatte ute i naturen?

## Oppdrag 7

**Forarbeid** Førebu naturstien med å hengje opp spørsmål eller anna de vil ha med. Og ha avsluttingsbrevet frå Ugla og diploma klare.



### Det siste brevet frå Ugla

(Avslutting som de les høgt for barna etter at det siste oppdraget er gjennomført.)

Hei!

Det er **Ugla** her igjen. Så flinke de har vore! De har greidd å **gjennomføre alle oppdraga med glans** og no er de mine Naturvaktarar. Eg håpar at de held fram med å hjelpe meg med å fortelje alle de møter på tur korleis ein oppfører seg når ein er i naturen.

Lykke til vidare med oppgåva!

Skogshelsing frå **Ugla**